



Alt klart for 17. mai-festen!

Det meste av programmet er spikra og det er klart for stor 17. mai-fest i Bykle kommune—i år er feiringa i Bykle kyrkjebygd.

Det går buss frå Hovden rutebilstasjon til Bykle samfunnshus klokka 10.15. Ved samfunnshuset er det oppstilling til 17. mai-tog klokka 11, med avgang eit kvarter seinare.

Leikar og mat

Aktivitetar og leikar i skulegarden, og matsal

inne i samfunnshuset, tar til klokka 11.45. Frå klokka 14 går kulturprogrammet i gymsalen med talar, underhaldning og prisutdeling. Bussen opp att til Hovden via Bykle kyrkje går klokka 15.15. Klokka 15.30 er det gudsteneste i Bykle kyrkje, og bussen frå kyrkja og opp att til Hovden rutebilstasjon går klokka 16.30.

Eit tettpakka og tradisjonelt program for feiringa i Bykle altså, med noko for både store og små!



Høyr no hiera!

«Kom mai, du skjønnne milde», heiter det i songa —og sanneleg har me alt kome til denne månaden som så jamnt ber i seg både vår og sommar. Ein lang og seig vinter slepp taket, og me kan alle saman sjå fram til dei ljose, klare kveldane, og den fine sommarperioden me har i vente. At litt av sommarvarmen også alt litt forsiktig har vist seg, gjer oss alle godt!

Folkefesten

17. mai er folkefest, og i Bykle kommune er førebuingane godt i gang. Både det offentlege og det lokale dugnads- og bygdelivet knallar til ein slik dag—og speler bare veret på lag blir det akkurat det høgdepunktet om våren me alle håpar på. Ein seier at 17. mai er bornas dag—og det er sant og visst. Likevel kan me vel alle kjenne at me blir litt «born» når me ser folketoga, kan hende får ei pylse og ein is—og det rungar hurra-rop over bygd og grend!

Fellesskap

Så skal ein ha i mente at ikkje ein gong 17. mai utan vidare er ein festdag for alle. Utanforskap merkast best på kroppen dagar då «alle» har det bra—hugs på det, og pass på at alle kjem med! Kan hende akkurat nasjonaldagen er eit godt høve til å ta ein telefon eller svinge innom venen du ikkje har høyrte frå på ei stund?

Vern om fridomen!

Så må ein også kunne kjenne noko på takk-semnd når ein kan feire at me bur i eit fritt og sjølvstendig land. Det skal ikkje mange blikka rundt i verda til for å sjå at det er ingen sjølv-sagt ting. Difor må me alle vere med og ta ansvar for å verne om demokratiet og verdiarne me er så glade i.

Gratulerer med dagen!

Bykle gjennomfører stor bustadundersøking

Kva trengst det mest av i Bykle kommune? Hus? Leilegheiter? Noko anna? Samfunnsavdelinga i Bykle kommune sender no ut ei spørjeundersøking for å kartleggje bustadbehovet.

Undersøkinga er retta mot alle innbyggjarar over 18 år, og har også relevans i høve arbeidet med ny arealdel av kommuneplanen. I undersøkinga ser ein på ulike kriterie som mellom anna kor respondentane ynskjer å bu, korleis dei vil bu og alderssamansetning. Undersøkinga blir sendt ut i samband med at det blir laga ei politisk sak for drøfting av bustadpolitikken framover. Sjå på den kommunale heimesida for lenke til undersøkinga!

Frist for å svare er 15. mai 2026.



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



AKTIV PÅ DAGTID

Er du heime på dagtid og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?

Alle kan bli med på aktivitetane, uavhengig av fysisk form. Du bestemmer sjølv intensitet og tempo. Målet er at du skal oppleve aktivitetsglede saman med andre!

UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKELETT	MØTESTAD
MANDAG			
TYSDAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Hovden grendehus
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:00	Hovden grendehus
TORS DAG	Trimtreff	11:00-12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus
	Sterke saman Instruktør: Stine G.	11:00-12:00	Festsal/kinosal, Bykle samfunnshus
FREDAG			

SJÅ ALLE AKTIVITETANE I SPOND, KODE: IFZBR, ELLER SJÅ I FRISKUS AKTIVITETSKALENDER.
Kontakt kultur@bykle.kommune.no eller ring 902 16 856 ved spørsmål.

Hovden grendehus og bibliotek	Bykle samfunnshus og bibliotek
tel. 902 16 856	tel. 902 16 856
<ul style="list-style-type: none"> Måndag-torsdag 8-21 Fredag 8-16 	<ul style="list-style-type: none"> Måndag 10-16.30 Torsdag 10-16.30
Stengt raude dagar i mai.	Meiropent bibliotek alle dagar 7-23 Stengt raude dagar i mai

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss

- Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune.
- Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-
- Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga.
- Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbud rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. trinn.

Me er på Spond! Kode: IFZBR

kultur@bykle.kommune.no

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle frivilligsentral, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.

Bykle kommune på Bookup.no!

Du kan no tinge buldreveggen i Hovden grendehus, og gymsalen i Bykle samfunnshus på bookup.no! I skrivande stund er det desse to romma som er tilgjengelege, men me fyller stadig på, så følg med! Adgangsbrikker må foreløpig hentast i resepsjonen på grendehuset for buldreveggen, og i resepsjonen på rådhuset for gymsalen, men me jobbar med ei enklare løysing. Om du har spørsmål kan du kontakte kultur & fritid på epost: kultur@bykle.kommune.no eller tlf: 902 16 856

På bookup.no søker du opp bykle, så kjem romma fram.

Tømekalender

Restavfall: 27.5

Matavfall: 13.5, 27.5

Papir, glass/metall, plast: 13.5

Tykkås gjvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



SPRÅKKAFE HOVDEN/BYKLE BIBLIOTEK

Frivilligsentralen inviterer til språkkafe!

Språkkafé er ein møtestad mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir høve til å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar, få praktisert norsk og engelsk i trygge omgjevnader og bli kjend med folk og staden. Vi treng frivillige som vil skravle – både på norsk og engelsk.

Ta kontakt med Stine Gulowsen
tlf 917 87 411 viss du vil vere med.

28. mai – Hovden grendehus

Ta kontakt med [kultur@bykle.kommune](mailto:kultur@bykle.kommune.no) eller tlf 90216856 hvis du har spørsmål eller vil vite meir!

FOLKEAKADEMIET
PRESENTERER
I SAMARBEID MED
VALLE BIBLIOTEK:
SKAPT FOR ÆRE
JAWAD RAJA
En rystende og inspirerende historie om oppvekst med æreskultur og kampen for et liv i frihet. Et dagsaktuelt foredrag om brudd, identitet og veien videre.
STED: Sæbyggjen, Valle sentrum DATO: 7. mai kl 19.00
PRIS: 100kr medlemmar, 200kr ikkje-medlemmar, gratis u/25år

Setesdal regionråd

har vore på tur til Oslo for å lobbe for riksveg 9 som Nasjonal turistveg i Samferdsledepartementet.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00

E: postmottak@bykle.kommune.no

NASJONAL RYDDEDAG



09. mai

Bli med og plukk søppel i nærområdet!

Du vel sjølv kor lang turen blir.

Oppmøte og utdeling av ryddeutstyr på
Hovden Grendehus mellom 10:00-12:00.

Gratis mat og is, og premietrekning for alle
deltakarar frå 13:00!

BYKLE
FRIVILLIG
SENTRUM

20
25
FRILUFTSLIVETS ÅR



Naturvernforbundet
Setesdal



SETESDAL MILJØ &
GJENVINNING IKS

MÅNADENS BOK

Hovden grendehus måndag 11.mai

Boksirkelen møtest klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Antatt skyldig" av Kjell Arvid Nilssen. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med. Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek

Bykle folkebibliotek onsdag 20. mai

Velkomen til boksirkel i Bykle folkebibliotek! Boksirkelen møtest klokka 18 i biblioteket i Bykle samfunnshus. Me les boka "Stiklingen" av Audur Ava Olafsdottir. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.
Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek



Bygdekinoen

www.bygdekinoen.no



Kinoprogram:

Bykle samfunnshus

11. mai

17.30:

Sauedetektivene

19.30:

Michael



POESI KVELD I SKAFSAHEII
FJELLYRKJE
FREDAG 8. MAI KL. 1800

HILDE OG BJARNE NORDHAGEN

TEMA: «REFLEKSJONER, TANKER OG DIKT
BASERT» PÅ FEM DROSJETURER I OSLO»

ENKEL SERVERING

KOLLEKT TIL DRIFT AV FJELLYRKJA

VELKOMEN!

ARR: FJELLYRKJELAGET


Over 4000 fylgjer Bykle på Friskus!

Over har 4000 menneske har asta ned og nyttar appen Friskus for å få med seg nyheitsmeldingar frå Bykle kommune. Appen er gratis å laste ned og bruke.

Med Friskus får ein alle nyheiter som blir lagt ut på heimesida til Bykle kommune som eit PLING inn på mobiltelefonen. Sjølv saka på heimesida er då bare eitt tastetrykk unna. Aktuelle politiske saker ligg også i appen. Når ein lastar Friskus ned må ein bare hugse på å også krysse av for at det er Bykle kommune ein vil fylgje! No er også aktivitetskalenderen i Friskus aktiv for kommune og kulturliv i Bykle!



Bykle kommune
nyttar appen Friskus kommune.
Her får ein informasjon frå sin kommune - rett i lomma.



Folkemusikkstipend

Gjennom eit stipend ynskjer Sparebanken Norge å støtte og stimulere unge folkemusikkarar og -dansarar frå Agder og Telemark fylke, til vidare utvikling og formidling av kunsten sin. Stipendet består av eit diplom og ein pengesum på 50.000 kr og vert delt ut kvart år til ein kandidat frå Agder eller Telemark. På vegne av Sparebanken Norge vert stipendet administrert av Setesdal Spelemannslag og skal delast ut i samband med «Setesdal Folkemusikkfestival». For 2026 blir stipendet delt ut på Landskappleiken på Hovden i tida 24.-28. juni. Søkjarar må vere 18-30 år, aktive utøvarar, bu i Agder/Telemark, og tiltak må innehalde ein konkret plan. Søkfrist 1. mai. Søk til: post@setesdalspelemannslag.no eller i posten til Astri Rysstad, Malmvegen 17, 4755 Hovden.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad



www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

Sundag 3.5 klokka 16.00

Gudsteneste Bykle kyrkje

Torsdag 7.5 klokka 19.00

Konsert—Skjern sognekor v. Henrik West
Bykle kyrkje

Onsdag 13.5 klokka 12.30

Andakt Bykleheimen

Onsdag 13.5 klokka 19.00

Salmar og song, Bykle kyrkje

Sundag 17.5 klokka 15.30

Gudsteneste Bykle kyrkje

Det blir sett opp eigen busstransport frå Bykle til Hovden etter 17.mai-gudstenesta

Tysdag 26.5 klokka 18.00

Bøn for verda, Fjellgardane kyrkje

Onsdag 27.5 klokka 17.00

Gudsteneste med konfirmantane, Bykle kyrkje

Laurdag 6.6 klokka 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste, Bykle kyrkje

Onsdag 10.6 klokka 12.30

Andakt Bykleheimen

Laurdag 13.6 klokka 11.00

Konfirmasjonsgudsteneste, Fjellgardane kyrkje
Høgtidsgudsteneste, Bykle kyrkje

Gode UKM-resultat for Bykle/Valle

Etter ein knallflott UKM-festival på Hovden gjekk tre innslag vidare til Agder-festivalen—der gjekk det like godt så bra at alle tre innslaga skal vidare til den nasjonale UKM-festivalen i Trondheim i juni!

FOLKEAKADEMIET PRESENTERER I SAMARBEID MED VALLE PENSJONISTLAG: **HAV PÅ ALLE KANTER** Kirsti MacDonald Jareg

Hav på alle kantar tek for seg øyane i Nord-Atlanteren som historisk og kulturell smeltedigel, forma av havet, menneska og forteljingane som bind dei saman. Gjennom reiseskildring, historie og kultur opnar forfattaren for ein grensekryssande ferd gjennom dette særmerkte øyriket.

STED: Sæbyggjen, Valle sentrum
DATO: 19. mai kl 19.00
PRIS: 100kr medlemmar,
200kr ikkje-medlemmar, gratis u/25år



SUMMIT
BYKLE-HOVDEN 2009
FRITIDSKLUBB

UNGDOMSKLUBB 8. - 1. vgs, kl 14:00 - 16:00
on 06. mai, Hovden
on 20. mai, Hovden
on 3. juni, Hovden

JUNIORKLUBB 4.-7.
to 7. mai, Hovden kl 16:30 - 18:00
to 13. mai, Bykle kl 13:30 - 15:00
to 21. mai, Hovden kl 16:30 - 18:00
on 27. mai Bykle kl 13:30 - 15:00

MED FORBEHOLD OM ENDRINGER. FOR MER INFO LAST NED APPEN SPOND: IFZBR
KONTAKT: [KULTUR@BYKLE.KOMMUNE.NO](mailto:kultur@bykle.kommune.no)

Gjennom honorarfondet vil vi gjere folkemusikken i Setesdal kjent og høyr, og stimulere til aktivitet!

HONORAR- FOND TIL FOLKEMUSIKK

Ei ordning for deg som vil ha
eit arrangement i kommunane
Bykle, Valle, Bygland, Åseral og
Evje og Hornnes.

Når du nyttar våre lokale folkemusikarar til arrangement i kommunane Bykle, Valle, Bygland, Åseral og Evje og Hornnes kan du som arrangør få tilskot til å dekke honoraret.

Alle lag, foreiningar, bedrifter og privatpersonar kan søkje om tilskot frå fondet. Døme på tilskipingar: Konferansar, bedriftssamlingar, representasjonsoppdrag, feiringar som opningsfestar, jubileum og «runde dagar».

Meir informasjon og søknads-skjema finn du på kommunane sine heimesider, eller du kan sende ein e-post til post@setesdalspelemannslag.no



Bykle kommune



Valle kommune



Bygland kommune



Åseral kommune



Evje og Hornnes kommune




Setesdal Spelemannslag



Valle Sparebank
- allstøtt med deg

Bykle med på bered- skapskonferanse



Frå Kristiansandskonferansen. Beredskapskoordinator i Bykle kommune, Vidar Johnsen (t.v.) og kollegaen hans i Valle kommune, Torbjørn Straume.

Kommunane Bykle og Valle var 21. april med på Kristiansandskonferansen i Kilden - der alt handla om beredskap og Totalforsvarsåret 2026.

Statsforvaltar Gina Lund helsa velkomen før programmet i Kilden tok til. Det er 13. gong konferansen blir skipa til, og som fleire har sagt det, beredskap har vel aldri tidlegare vore meir aktuelt.

Eit breitt spekter aktørar var med i løpet av dagen - Kommunar, naudetatar, folk frå både forsvaret og politiet, Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, Helsedirektoratet og mange, mange fleire.

Kommunane Bykle og Valle

skipar til lokal eigenberedskapsveke andre veka i juni. Målet er å få endå fleire av innbyggjarane til å sikre eit godt eigenberedskapslager og auke fokus på beredskap.

25-årsjubilantar i Bykle kommune



Nyleg gjorde Bykle kommune stas på årets 25-årsjubilantar med festmiddag, blomar og gåve. Signe Lillemo Mundal, Jorunn Andersen og Eldri Haugenes vart feira på beste vis!

Også Are Bjørgum og Vivi Merete Løyland Aasen er jubilarar i år, men dei var ikkje til stades på Furumo kafé på markeringa.


- Engasjement av stor verdi

Personalsjef i Bykle kommune, Helene Nilsen, er full av lovord om dei fem jubilarane.

- Kommunen ynskjer å takke for eit kvart århundre med arbeidsinnsats og engasjement som er av stor verdi for Bykle kommune, for kollegaene deira og ikkje minst for bygdefolket. Den lange tenesta deira viser både lojalitet og vilje til å bidra over tid. Dette set me stor pris på, seier ho.

Flyfotografering i vår

Kartverket skal rundt og flyfotografere her i landsdelen i vår og sommar, og i tida som kjem blir det lagt ut kvite firkantar rundt om slik at dei som kjem luftvegen skal kunne ta presise foto. Dei såkalla fastmerka som blir lagt ut er altså siktepunkt for dei som skal luftfotografere, det er difor eit poeng at tumlar du over ein kvit firkant så bør du la den ligge i fred!



Fjellgardane Filmforeining syner:

A Fish Called Wanda

28. mai kl. 19:00


På Hovden Grendehus

Et planlagt juveltyveri fører til forviklinger, bedrag, dobbeltbedrag og trippeltbedrag. Hva kan gå galt?

Aldersgrense: 15 år 1t 48min
Engelsk tale/norsk tekst

Billettpris - 50,-
Kontingent 2026 - 50,-

Med stor takk til våre økonomiske støttespeler:



LANDSKAPPLEIKEN Hovden 24. - 28. juni 2026



Meld deg som frivillig!

Har du lyst til å vere ein del av den eldste festivalen i landet?

Vi treng deg! Frivillige er navet i festivalen! At du tek eit tak er viktig for at deltakarar, dommarar og publikum skal få ei flott oppleving på kappleiken. Ikkje minst ønskjer vi at desse opplever Hovden og Setesdal som ein triveleg og gjestfri stad.

Alle kan hjelpe til med noko!

Vi treng hjelp med både små og store oppgåver. Det kan vere matlaging, servering, rydding, vakthald, rigging av scene, følge utøvarar til og frå scena, hjelpe til med å rigge campingplassar og arenaer, lage aktivitetar for born og unge, og mykje meir.

Meld deg på for å vere med på ein sosial og morosam dugnad, der du får høve til å oppleve Landskappleiken frå innsida!



Kontaktperson for frivillige:
Liv Hilde Holm
tlf: 906 10 215
epost: frivillig2026@landskappleiken.no

www.landskappleiken.no

Samdrift ved Bykle legekantor

Onsdag 20. mai og onsdag 3. juni er det samdrift med legekantora i Bykle og Valle med kontoret i Bykle ope.

Gratis symjing i Bykle



Familiebading kl 16:30-17:45
Vaksenbading kl 18:00-19:00

Badevakt med livredningskurs til stades.
Tilbodet fylgjer skuleruta 2026.



Bykle kommune med nytt næringsprogram

Bykle kommune ynskjer å vere ein fagleg medspelar for det lokale næringslivet, legge til rette for auka kompetanse og styrka rettleiing og samspele tett med både eksisterande og komande verksemder. No er det utvikla eit nytt rettleiingsprogram, den såkalla 6-timarsmodellen.

– Dette inneber at alle gründerar og eksisterande verksemder i kommunen får tilbod om inntil seks timar gratis førstelinerettleiing i regi av næringsavdelinga, utvida bistand etter behov og ikkje minst ei aktiv kopling mot verkemiddelapparatet, seier Vidar Mortensen i Brynje-prosjektet.

PLAN 2026:

Lørdag 21. februar kl 12: Møte med Open Heart, Hallvard Hasseløy taler, servering av suppe

Lørdag 7. mars kl 13: Barnesamling

Kl 19: Møte på Klippen, team fra Filadelfia Krs.

Søndag 22. mars kl 11: Møte med Betania Åseral,

Ingvild Forgard taler

Søndag 19. april kl 11: Møte fra Betania Åseral

Søndag 10. mai kl 11: Møte, Jan Christensen taler

Søndag 14. juni kl 11: Møte for alle! Grilling og

aktiviteter. Team fra Filadelfia Krs.

Velkommen!

KLIPPEN BYKLE





Program for 17. mai 2026

I 2026 finn feiringa stad i Bykle samfunnshus

- 10.15 Buss frå Hovden rutebilstasjon til Bykle samfunnshus
- 11.00 Ved samfunnshuset: Oppstilling 17. maitog
- 11.15 Avgang 17.mai-tog
- 11.45 Leikar i skulegarden og matsal inne på samfunnshuset
- 14.00 Kulturprogram i gymsalen
Talar, underhaldning og prisutdeling
- 15.15 Buss frå Bykle samfunnshus til Hovden via Bykle kyrkje
- 15.30 Gudsteneste i Bykle kyrkje
- 16.30 Buss frå Bykle kyrkje til Hovden rutebilstasjon

